

Kvam herad

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Delegert rådmannen		209/15

Avgjerd av: Rådmannen	Arkiv: N - 511, TYPE - A, GBNR - 026/0021	Arkivsaknr
Saksh.: Ronny Andersen	Objekt:	15/524 - 3

SØKNAD OM RAMMELØYVE PÅ GNR 26 BNR 21. NORHEIMSUND VGS, DALATUNNVEGEN I NORHEIMSUND. TILBYGG/UNIVERSELL UTFORMING

Samandrag:

Det vert søkt om rammeløyve for oppføring av tilbygg og utbetring av universell utforming for skulebygningar ved Norheimsund VGS. Søknaden inneheld nye inngangsparti med heis, underbygging av halvklimatisk korridor, skilt på fasade, tilkomst med utvendig ramper samt innvendig arbeid.

Utklipp frå søknad/nabovarsel

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder

I forbindelse med utbedring for universell utforming, skal Norheimsund VGS etablere nye personheiser, ramper, HCWC og bedre tilkomst. Tiltaket omfatter to tilbygg på administrasjonsbygget og et tilbygg på verkstedsbygg, samt underbygging for klimasone/svalgang på verkstedsbygget. 3 nye ramper og nye skilt på tilbyggene.

Utklipp frå vedleggsbrev datert 27.04.2015

Oversender Rammesøknad for 3 stk skulebygninger på tomten:

Areal inkl. tilbygg:

Administrasjonsbygg	BYA 1210,6m ² (nytt 22m ²)	BRA 3370m ² (nytt 60m ²)
Gymbygg	BYA 336m ² (nytt 0m ²)	BRA 641m ² (nytt 0m ²)
Verkstedsbygg	BYA 2374m ² (nytt 29m ²)	BRA 4082m ² (nytt 157m ²)
Totalt:	BYA 3921m ² (nytt 51m ²)	BRA 8093m ² (nytt 217m ²)
Tomt:	26350,6m ²	

Generelt:

Hordaland Fylkeskommune ønsker å oppgradere sine skulebygninger for bedre universell utforming. Norheimsund VGS er planlagt med nye inngangsparti med heiser, underbygg for halvklimatisk korridor, skilt på fasade, tilkomst med utvendig ramper samt mindre innvendige arbeider. Tiltak/ending er markert med farget strek på plantegningene.

Nabovarsel:

Nabovarsel er sendt iht. mottatt naboliste fra Kvam Herad.
Det er ikke mottatt merknader fra naboer.

Fravik fra TEK-10 for eksisterende bygg:

Ber om fritak for uavhengig kontroll av bygningsfysikk, da det er vanskelig å teste ut tetthet, energi og ventilasjon i tilbygg som er åpen inn mot eksisterende bygninger. Tilbygg og nye bygningselementer vil utføres etter preaksepterte løsninger og iht. TEK-10.

Underbygg med valgang i Verkstedsbygg skal være halvklimatisk og utføres etter minstekrav.

Situasjonsplan med oversikt over tiltaka /Utklipp fra søknad



Gjennomføringsplan

Plan datert 27.04.2015 med versjonsnr. 1

Gjeldande plangrunnlag:

Gjeldande plan for området er "Arealdel til kommuneplanen" godkjent av heradsstyret i møte 13.juni 2006 i sak 058/06. I plan ligg eidedomen 26/21 i område for "Offentleg bygning". Tiltak det er søkt om er i samsvar med reguleringsplan/-føresegner.

Merknad frå naboar og andre partar

Det ligg ikkje føre nabomerknad i samband med omsøkt tiltak.

Utforming og visuelle kvalitetar, jf. § 29-1 og 2 i plan- og bygningslova

Tilbygget framstår som naturleg del av eksisterande bygg.

Grunntilhøve, rasfare og miljøtilhøve jf. § 28 i plan- og bygningslova:

Det er opplyst i søknad at det føreligg tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som fylgje av grunntilhøve, rasfare og miljøtilhøve.

Fritak frå uavhengigkontroll.

Det kreves ikke uavhengig kontroll for disse tilbygga, da det er vanskelig å teste ut tetthet, energi og ventilasjon i tilbygg som er åpen inn mot eksisterande bygning. Ikke relavnt med uavhengigkontroll.

Rådmannen sitt vedtak:

Det vert med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a gjeve rammeløyve, for oppføring av tilbygg og utbetring av universell utforming for skulebygningar ved Norheimsund VGS. Løyve inneheld nye inngangsparti med heis, underbygging av halvklimatisk korridor, skilt på fasade, tilkomst med utvendig ramper samt innvendig arbeid. Løyve er gitt følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist på godkjent situasjonsplan og teikningar.

Godkjende teikningar

- Situasjonsplan i målestokk 1:2000 datert 10.03.2015, stempla inn hjå Kvam herad 28.04.2015
- Fasade nord og vest Adm.bygg i målestokk 1:100, tegn.nr. A1-A-501, datert 06.01.2015
- Fasade Øst og Sør Adm.bygg i målestokk 1:100, tegn. nr. A1-A-502, datert 06.01.2015
- Verkstedbygg Illustrasjon i målestokk 1:200, tegn.nr A1-V-503, datert 25.03.2015
- Plan und.etg.UU Adm.bygg i målestokk 1:100, tegn.nr. A1-A-1U1, rev.dato 18.02.2015
- Plan 1.etg. UU Adm.bygg i målestokk 1:100, tegn.nr. A1-A-101, rev.dato 18.02.2015
- Plan 2.etg. UU Adm.bygg i målestokk 1:100, tegn.nr. A1-A-102, rev.dato 18.02.2015
- Plan 1. etg. i målestokk 1:100, tegn.nr A1-G-101, datert 18.02.2014
- Plan U.etg. i målestokk 1:100, tegn.nr A1-G-1U1, datert 18.02.2014
- Plan und.etg.UU verkstedsbygg i målestokk 1:200, tegn.nr A1-V-1U1, rev.dato 16.02.2015
- Plan1.etg UU verkstedsbygg i målestokk 1:200, tegn.nr. A1-V-101, rev.dato 16.02.2015
- Plan2.etg UU verkstedsbygg i målestokk 1:200, tegn.nr. A1-V-102, rev.dato 16.02.2015
- Snitt Adm. Bygg i målestokk 1:100, tegn. nr A1-A.401, datert 06.01.2015
- Snitt A-A UU og B-B UU i målestokk 1:100, tegn.nr A1-G-401, datert 07.01.2015
- Snitt verkstedsbygg i målestokk 1:100, tegn.nr A1-V-401, datert 07.01.2015

Godkjende ansvarsrettar

OG Arkitekter – org.nr. 996 052 958 vert godkjent som ansvarleg søkjar (SØK – tkl. 2) og som ansvarleg prosjekterande (PRO –tkl. 2) for arkitekturprosjektering av byggverk. Føretaket har sentral godkjenning.

Vi minner om ansvarleg søkjar (SØK) sitt ansvar i samband med innsending av søknad om igangsetting og avslutning av prosjektet og framsending av ”Søknad om ferdigattest”, gjennomføringsplan, m.v. – jf. pbl. § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før ferdigattest (evt. mellombels bruksløyve) ligg føre. Tilsyn med tiltaket vil kunne utførast inntil 5 år etter ferdigattest er gitt. Arealjusteringar som følgje av tiltaket vert ajourført i matrikkelen.

Klage

Det vert gjort merksam på at fullmaktsvedtak gjort av administrasjonssjef kan klagast på til fylkesmannen, jf. § 1-9 i plan- og bygningslova og § 28 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker etter at melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova §29. Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast til Kvam herad.

Dersom tiltak vert sett i verk *før* klagefristen er gått ut, eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, må tiltakshavar bera kostnadene med eventuell seinare retting av tiltaket.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Andre dokument i saka: